

STATUSRAPPORT



16.06.16

NRK Nynorsk mediesenter

I Allmennkringkastingsrapporten frå Medietilsynet for 2015 peikar dei nok ein gong på at NRK ikkje oppfyller kravet om 25 % nynorsk på alle plattformer, men Medietilsynet har merka seg ei positiv utvikling.

- Det er veldig kjekt at nynorskprosenten går rett veg, og at me ser ein framgang, også på nettet. No er det viktig at me får på plass ein strategi for nynorsk i NRK, slik at me leverer godt og relevant innhald på nynorsk også i framtida, og at vi oppfyller krava som vert sett til oss når det kjem til mengd, seier språksjef i NRK, Ragnhild Bjørge.

Nynorskprosenten i NRK går rette vegen



NRK har eit gjennomsnitt på 25,5 prosent nynorsk på fjernsyn, 24 prosent på radio og 18 prosent på NRK.no. NRK oppfylte ikkje kravet om 25 prosent nynorsk på alle plattformer, men Medietilsynet har merka seg at det er ei positiv utvikling, står det i Allmennkringkastingsrapporten for 2015.

- Det har i fleire år vore ei utfordring for NRK å oppnå minst 25 prosent nynorskdel, men tala for 2015 viser ein auke frå 2014 i alle kanalar. I tv-kanalane er delen nynorsk 24 prosent i NRK1, 30 prosent i NRK2, 22 prosent i NRK3, 26 prosent i NRK Super.

I radiokanalane er det 29 prosent i NRK P1, 17 prosent i NRK P2 og 26 prosent i NRK P3. NRK.no har 18 prosent nynorsk. NRK viser også til at det framleis skjer eit langsiktig arbeid, med rekruttering av journalistar og medarbeidrarar som brukar nynorsk gjennom Nynorsk mediesenter, skriv Medietilsynet. Vil du lese meir om emnet sjå side 20 i rapporten:

<http://allmennkringkastingsrapporten2015.medietilsynet.no/>

- Tolv år med Nynorsk mediesenter byrjar å syne att. På dei åra har vi lært opp 115 nynorskpraktikantar og per dags dato har 62 prosent av dei arbeid i media. 48,6 prosent arbeider i NRK, seier Magni Øvrebotten, leiar for NRK Nynorsk mediesenter.

40 tidlegare nynorskpraktikantar har fått fast arbeid i NRK; 24 på riksnettet og 16 på distriktskontora. På riksnettet fordeler dei seg med 12 i nyhendeavdelingane på Marienlyst, seks i andre avdelingar der og seks knytt til Tyholt. Av dei 16 på distriktskontora er seks fast tilsette i NRK Sogn og Fjordane, fire i NRK Hordaland, tre i NRK Rogaland og ein på kvar i NRK Troms, NRK Nordland og NRK Østlandssendinga.

- Om fleire i NRK såg på nynorsk som ein kvalifikasjon, i tillegg til talent og engasjement for journalistikk, hadde fleire vore tilsette og nynorskprosenten endå betre. Det er eit godt stykke att før vi kjem dit. For tida kvittar vi oss med dyktige, fleirmediale nynorskbrukarar, sjølv i redaksjonar med få eller ingen nynorskfolk. Det må til eit heilt anna medvit om nynorskprosenten i NRK skal bli stabilt god, seier Magni Øvrebotten.

Faglærar Terje Gilleshammer vert distriktsredaktør



MAGNI ØVREBOTTEN OVEREKKER BLOMAR TIL TERJE GILLESHAMMER (FOTO: RANDI INDREBØ/NRK)

Terje Gilleshammer er tilsett som ny distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane frå 1. september Han har vore faglærar i NRK Nynorsk mediesenter sidan hausten 2013, men fekk i mars permisjon i eitt år for å vere vaktsjef i NRK Sogn og Fjordane. Der vart han tilsett som journalist i 2004.

- Det er viktig for både NRK Sogn og Fjordane og NRK Nynorsk mediesenter at Terje vert redaktør. Han er ein engasjert og drivande kar, både som person, journalist og faglærar. Han kjenner begge godt og brenn for journalistikken, nynorsken og fylket vårt. Små einingar treng brennande sjeler som står for noko og veit at ingenting kjem av seg sjølv. Vi ynskjer han lukke til, seier Magni Øvrebotten.

- Kjærleik til Sogn og Fjordane

Terje Gilleshammer er 38 år gammal og kjem frå Kjølsdalen i Nordfjord. Stillinga som dk-redaktør for NRK Sogn og Fjordane er ledig etter at Kai Aage Pedersen vart regionredaktør for distriktskontora i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Pedersen seier dette om å få Gilleshammer med på laget i den nye leiargruppa:

- Han har eit herleg engasjement, han er ein flott leiartype og han har stor tillit blant dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane. Eg er trygg på at han vil gi eit stort bidrag for å sikra publikum eit endå betre tilbod enn dei får i dag, seier Pedersen.

Terje Gilleshammer er stolt over å få leie NRK Sogn og Fjordane: - Eg kjenner eit sterkt ansvar for dette distriktskontoret og den viktige rolla vi har. Eg kjenner ein kjærleik for Sogn og Fjordane og folket her, og ynskjer difor å vere med å utvikle NRK Sogn og Fjordane vidare, seier Gilleshammer.

Kull 24 er sikra jobb over sommaren



FRÅ VENSTRE: ALEKSANDER ÅSNES, SOLVEIG SVARSTAD, MAY-HELEN ROLFSNES, MARTHA VÅGE OG MARTIN TORSTVEIT

Dei byrja som nynorskpraktikantar 4. januar i år og 30. juni er dei ferdige. Aleksander Åsnes har ekstern praksis i avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende, og skal ha sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. Solveig Svarstad har praksis og sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane. May-Helen Rolfsnes har ekstern praksis i NRK Hordaland og sommarjobb der etterpå. Martha Våge har ekstern praksis i P3 Morgon og sommarjobb i Kulturhuset i NRK P2. Martin Torstveit har både ekstern praksis og sommarjobb i NRK Telemark. Slik summerer dei opp halvåret som nynorskpraktikantar:

Aleksander Åsnes: - Travelt, men kjekt



- Å vere nynorskpraktikant har vore veldig travelt, og enormt kjekt! Læringskurva har vore bratt, og det har til tider vore mykje ny informasjon på kort tid. På eit eller anna vis har det likevel gått seg til, og no føler eg at eg har eit veldig godt utgangspunkt for å halde fram som journalist. For tida er eg i praksis i avdeling for økonomi og politikk på Marienlyst i Oslo. Her får eg bruke kvar dag til å lage politiske saker både til TV, radio og nett. Det likar eg veldig godt!

Solveig Svarstad: - Kjenner det i ryggrada kvar dag



- Ein gong nynorskpraktikant, alltid nynorskpraktikant. Du kjenner det i ryggrada frå aller første dag. Den rettar seg i takt med dagane som flyg. Frå januar og kulde, til sommar og sol. Frå opplæring på det trygge og lune loftet til den hektiske kvardagen til redaksjonen i NRK Sogn og Fjordane. Eg har elsa kvart sekund. Om det so var køyring til Innvik klokka 5 om morgonen i snøkave og på glatte vegar, eller på 17.mai då eg stod på ei ferje midt på Lustrafjorden, og skulle sende direkte ut til heile Noreg.

Eg sit att med tre enkle, men betydningsfulle ord - tusen hjarteleg takk. For alt eg har lært og opplevd. Draumen låg der, men utan NRK Nynorsk Mediesenter ville det fortsatt vore ein draum. No er den verkelegheita mi.

May-Helen Rolfsnes: - Effektivt og lærerikt



- Kort summert har heile praktikantopplegget vore effektivt og lærerikt. Eg er sikker på at eg ikkje kunne lært NRK på ein betre måte. Me har fått solid og relevant undervisning, både når det gjeld det journalistiske og det tekniske. 'Learning by doing' er nok metoden som har hjelpt meg best på veg. Me har blitt kasta ut i reelle utfordringar, og blitt behandla som vanlege medarbeidrarar. Eg har fått prøvd meg på alle journalistiske oppgåver, både på nett, radio og TV. I tillegg har ærleg feedback og god oppfølging frå mediesenteret, vaktsjefar og andre redaksjonelle medarbeidrarar – både i Sogn og Fjordane og Hordaland – gjort at eg har utvikla meg som journalist. Grunnlaget eg har etter praktikantopplegget kjem til å bli viktig for framtida mi i NRK og i journalistyrket generelt.

Martha Våge: - Takk for eit spark i ræva!

- Halvåret på Nynorsk mediesenter har vore ekstremt lærerikt. Dei verktya vi har fått som no ligg i ryggmargen vår syner ekstra godt att når vi er ute i nye redaksjonar. Vi har vore bort i det meste, prøvd dei fleste former for journalistikk og fått prøve oss på det vi vil.

Vi er litt annleis enn dei andre praktikantane i NRK. Vi har liksom fått stappa ei lita NRK-karriere ned i ryggsekken på fire månadar i fjordfylket, i tillegg til alt det andre vi har gjort før vi starta i Førde. Det er ein rar og god mik som ingen andre har, og som gjer at vi skil oss ut i mengda. So no er det berre å leve opp til forventningane, takke ja til det meste, vise det vi kan og gjere vårt beste for å vere dyktige nynorskbrukande journalistar. Takk for eit dugeleg spark i ræva, Nynorsk Mediesenter!



Martin Torstveit: - Kjem ut som ein naturleg nynorskbrukar




- Tida mi som nynorskpraktikant har vore bra på alle måtar, men også veldig kort. Eller rettare sagt, så har den kjenst veldig kort. Du får aldri heilt landa. Det skjer noko nytt heile tida. Fyrst er du under opplæring, der du går heim kvar kveld med ein sliten hjerne, som har brote saman etter å ha tatt til seg tonnevis med kunnskap. Før du veit ordet av det sit du på desken, der du får like mykje tillit som ein vanleg medarbeidar, og ansvaret som følger med.

Opplegget er veldig praktisk orientert frå dag ein, og du får god oppfølging frå faglærarar og kollegaer. Saman med medpraktikantane dine blir du kasta ut på djupt vatn med jamne mellomrom og læringskurva er stupbratt. Det er berre å halde seg fast i svingane. Gjennom opplæringa ved Nynorsk Mediesenter blir du godt skodd for utfordringane du møter i kvardagen som journalist, og du blir veldig bevisst på kor viktig språket er. Du kjem ut som ein naturleg nynorskbrukar.

Kull 25 – endeleg med ein valdris på laget

Det var 46 søkjarar til kull 25 og 14 av dei var inne til konferanse. Denne gongen har vi for fyrste gong med ein valdris på laget. Dei startar på opplæringa i Førde 22. august og er ferdige her til jul. I januar og februar 2017 skal dei ha ekstern praksis i andre redaksjonar, i eller utanfor NRK. Randi Indrebø og Rune Fossum vert faglærarar for dette kullet:



KRISTA LIEN INDREHUS, JOSEF BENONI NESS TVEIT, MARTE IREN NORENG TRØEN, ANDERS TESDAL GALTUNG OG KATHRINE KANTA NYGÅRD

Krista Lien Indrehus, fødd 1989, frå Bømlo i Hordaland. Busett i Trondheim. Ho har master i nordisk språk frå NTNU, og skreiv masteroppgåve om nordmenn med to dialektar. Krista Lien Indrehus har også ei årseining i samfunnskunnskap og praktisk-pedagogisk utdanning frå NTNU. Ho er lektor ved ein vidaregåande skule i Trondheim og studerer norsk som andrespråk ved NTNU. Der er ho ansvarleg for marknadsføringa i Riss; Tidsskrift for språk og litteratur, drive av studentane.

Josef Benoni Ness Tveit, fødd 1997, frå Holmedal, Askvoll i Sogn og Fjordane. Går siste året på Hafstad vidaregåande skule i Førde. Han er med i Ung-redaksjonen til lokalavisa Firda, og arbeidde som frivillig under Ungdoms-OL på Lillehammer i vinter. Der var han fotograf på medieteamet. Tveit har vore aktiv i AUF og Røde Kors.

Marte Iren Noreng Trøen, fødd 1990, frå Slidre i Valdres, Oppland. Der arbeider ho som lærar på Vang barne- og ungdomsskule og Vang kulturskule. Ho har Bachelor frå Universitetet i Agder, som faglærar i drama, og eit årsstudium i litteratur, film og teater frå same universitetet. Trøen gjekk også lina for musikk og teater på Solbakken folkehøgskule, og har vore med på ei rekke teateroppsettingar.

Anders Tesdal Galtung, fødd 1994, frå Etne i Sunnhordland. Er i ferd med å fullføre ein Bachelor i medievitskap ved Universitetet i Bergen, og skriv oppgåve om det er rett at riksaviser med redaksjonelt forbod mot nynorsk får momsfritak. Han koplar spørsmålet opp mot grunngjevinga for fritaksordninga. Galtung er aktiv i Studentradioen i Bergen, som programleiar og produsent i programmet Studentmorgen, og som produsent for humorprogrammet Banal Politikk.

Kathrine Kanta Nygård, fødd 1993 i India, og kom til Longva på Sunnmøre fem månader gammal. Ho har journalistutdanning frå Norges Kreative Høyskole i Oslo, og har vore journalist/frilansar for Eidsvoll Ullensaker Blad, Adopsjonsforum, Gaysir og Magasinet BLIKK. Nygård er prosjektleiar i Skeiv Ungdom, som rus- og psykisk helsekoordinator. Ho likar seg på scena og har halde på med teaterproduksjon sidan 1999.

Nye faste jobbar:

Sigrid Agnethe Hansen i NRK Troms



SIGRID AGNETHE HANSEN (FOTO: PETTER STRØM/NRK)

Sigrid Agnethe Hansen (1989) har fått fast jobb som journalist i NRK Troms. Ho har arbeidd der som reporter, nyheitsanker og oppdatering nett, sidan ho kom dit i praksis i fjor vinter.

– Eg er veldig glad for å ha sikra meg fast jobb i NRK; det er sjølv sagt eit mål eg har hatt lenge, og det er stort å oppnå det, seier Sigrid Agnethe Hansen.

Hansen kjem frå Harstad og byrja bruke nynorsk som hovudspråk då ho vart student. Ho har Master i samfunnsplanlegging og kulturforståing frå Universitetet i Tromsø. Bachelor i kultur-og samfunnsfag frå Universitetet i Oslo, og frie emne i fransk litteraturvitenskap ved Sorbonn-universitetet i Paris. I studietida var ho aktiv i både Tromsø mållag og Samiske studenters forening i Tromsø og tilkallingsvikar i Mediehuset iTromsø.

Sondre Dalaker fotograf i Førde



Sondre Dalaker (1992) byrja nyleg i fast jobb som fotograf i NRK Sogn og Fjordane. Han hadde sommarjobb i Førde rett etter at han avslutta Sogndal vidaregåande skule i 2011, og vart nynorskpraktikant same hausten. Etterpå arbeidde han vel eit år ved distriktskontoret som journalist/ videojournalist. Dei tre siste åra han har studert Fjernsyns- og multimedieproduksjon ved Universitetet i Stavanger og vore 50 % vikar i NRK Rogaland ved sida av.

- Det er ekstra stas at det er som fotograf eg no har fått jobb. Eg gler meg til å utforska historieforteljing og nyhetsarbeid frå den andre sida av kameraet. Så håpar og trur eg at eg også får jobba litt med journalistikk, noko som vil gjera arbeidsdagane endå meir varierte. Det langsiktige målet er å bli ei «superpotet» på lokalkontoret i Sogndal. Med fast jobb som fotograf og med bakgrunn som journalist, trur eg det er eit oppnåeleg mål, seier Sondre Dalaker.

Vegard Tjørhom til Kirkens Nødhjelp



Vegard Tjørhom er fast tilsett som kommunikasjonsrådgjevar i Kirkens Nødhjelp frå august 2016. Sidan påske har han vore SoMe-ansvarleg i organisasjonen.

– Kirkens Nødhjelp har vist at dei vil satse på meg, og dei ønskjer å bygge vidare på den kompetansen eg har. Det kjennest veldig godt, seier Tjørhom.

Vegard Tjørhom (1987) er frå Sirdal i Vest-Agder og var nynorskpraktikant våren 2013. Han hadde ekstern praksis i NRK Utanriks og var tilkallingsvikar der ut året. Frå januar til juni 2014 var han praktikant i FN. Etter at han kom att frå USA var Tjørhom vikar/tilkallingsvikar i utanriksavdelinga i NRK, og arbeidde også elles i nyhendeavdelinga for nett, radio og fjernsyn til påska 2016.

Før Tjørhom vart nynorskpraktikant hadde han studert statsvitenskap og fransk ved Universitetet i Oslo, og vore sommarvikar i Stavanger Aftenblad, Vårt Land og Dalane Tidende. Han hadde studert Afrikanske og asiatiske studiar ved Universitetet i Oslo og Tverrkulturell kommunikasjon ved Hald Internasjonale Senter (Mandal), og vore eittåring i Mali, for Det Norske Misjonsselskap.

Eirik Hildal til Samferdsledepartementet



Eirik Hildal er fast tilsett som rådgjevar i Samferdsledepartementet, i luft, post- og teleavdelinga. Han var nynorskpraktikant i 2013/14 og vikar i NRK Sogn og Fjordane til nyttår 2015. Der arbeidde han som radio- og nettjournalist, og meldingslesar.

Hildal (1985) kjem frå Stord og har master i statsvitenskap frå Universitetet i Oslo i 2012, etter å ha studert samanliknande politikk i Bergen og statsvitenskap i Oslo. Han skreiv masteroppgåve om høgreradikale parti. Hildal arbeidde som rådgjevar for KS Hordaland i studietida og var vitakapleg assistent ved Universitetet i Oslo før han vart nynorskpraktikant i 2013.

I luft, post- og teleavdelinga i Samferdsledepartementet har luftfartsseksjonen eit overordna ansvar for råmevilkåra for luftfarten og har både juridiske og økonomiske verkemiddel til rådvelde. Post- og teleseksjonen arbeider med å legge til rette for gode, rimelege og framtidsretta tenester innan post og elektronisk kommunikasjon.

Inger Johanne Ruset til Noregs Ungdomslag

Inger Johanne Ruset byrjar 1. september i ei fast stilling som kulturrådgjevar i Noregs Ungdomslag (NU). Ho skal samordne NU sitt arbeid med ungdomshus og scene og jobbe med instruktørkurs og teaterturnear. Ho vil også få ansvar for ungdomsarbeidet i organisasjonen.

Inger Johanne Ruset (1985), frå Linge på Sunnmøre, var



nynorskpraktikant våren 2013. Ho hadde ekstern praksis i NRK Møre og Romsdal, og hadde vikariat/tilkalling der etterpå.
Hausten 2014 vart ho tilsett som dagleg leiar og kinosjef på Ingebrigts Davik-huset i Haram kommune.

Ruset har ei dobbel mastergrad i media og kommunikasjon, med studiar både ved London School of Economics og universitetet i Fudan, i Kina. Bachelor i både samanliknande politikk og medievitskap ved Universitetet i Bergen.

Tale Hauso nominerte til Prix Radio



Hovudjuryen for Prix Radio har nominert Tale Hauso (1991) til kategorien Årets unge radioprofil (fødd etter 31.03.91). Hauso er tilsett i NRK Hordaland, stasjonert ved lokalkontoret i Odda. Det er NRK Hordaland som har føreslege henne til prisen. – Tale låter dønn proff, høres ut som hun har jobbet med dette hele livet, seier redaksjonssjef Eva Cathrine Berget i NRK Hordaland.

Ein annan nynorskpraktikant, Sigrid Agnethe Hansen (1989), var ein av tre reporterar i ei sending frå Svalbard etter raset i vinter. Denne sendinga til NRK Troms er nominert i kategorien Årets lokale sendeflate.. Det er fem nominerte i kvar av kategoriene.

Dei to nemnde arbeider på den sida av mikrofonen som vi hører. Andre arbeider bak. Ein av dei er Tor-Erik Humlen (1988), i P3 Morgon. I kategorien Årets intervju er intervjuet P3Morgon hadde med kronprins Haakon nominert. Frå sikre kjelder i P3 veit vi at den som stila høgt og fekk avtale med kronprinsen var gjestebookar Tor-Erik Humlen i P3 Morgon. Han har også vore nynorskpraktikant og byrjar 1. august som tilretteleggar i TV2-programmet Senkveld.

Til Prix Radio sender både nær- og lokalradioar, kommersielle kanalar og NRK inn nominasjonar, og ein hovudjury vel ut dei som skal vere med i finalen på haustens Radiodagar 16. september.

Leiar for hovudjuryen i 2016 er Morten Scott Janssen. Han er svært nøgd med at det er rekordhøg påmelding. – Nivået på årets bidrag er eksepsjonelt høyt, aldri før har så mye god radio blitt levert inn til Prix Radio, seier Scott Janssen i ei pressemelding.

Nynorskpris til Jon Hustad

Dag og Tid-journalisten, TV 2-profilen og debattanten Jon Hustad får Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar for 2016. – Hustad har skarpe analyser, ein skarp penn – og ei skarp tunga. Han kan oppfattast som ein rabulist, men han inntek ofte rolla som folkedjupet sin velutdanna talisman, skriv juryen. Jon Hustad er glad og forundra over å få prisen.

Om prisvinnaren seier juryen at Jon Hustad er ein uredd journalist som baserer seg på fakta og grundige undersøkingar når han vågar å utfordre det politiske korrekte og stille spørsmål ved etablerte sanningar. Hustad har markert seg som ei kritisk og viktig røyst i den norske samfunnsdebatten, både i avis, på TV og i sosiale medier.

Hustad sjølv hadde ikkje rekna med å få ein målpris:

– Eg er veldig glad, men også veldig forundra. Eg har alltid oppfatta nynorskrørsla å vere langt til venstre i det politiske landskapet. Der er ikkje eg. Difor hadde eg ikkje rekna med å få ein slik pris. Men eg takkar ja med begge hender, seier Hustad.



JON HUSTAD (FOTO: AXEL IVERSEN)

Juryen omtalar i grunngjevinga si Hustad som ein kunnskapsbasert kranglefant som brukar eit godt og levande nynorsk for å fremje sakene og meiningane sine. «Han er stødig i framføringa både i skrift og tale, og brukar nynorsk på ein måte som syner at målforma ikkje berre eignar seg til nasjonalromantikk og lyrikk, men også til meiningsbryting og tung tids tale», som det heiter i grunngjevinga.

«Hustad har skarpe analyser, ein skarp penn – og ei skarp tunga. Han kan oppfattast som ein rabulist, men han inntek ofte rolla som folkedjupet sin velutdanna talisman», skriv juryen. Hustad svarar slik på omtalen:

– Å vere reaksjonær no for tida er så slitsomt at til og med eg framstår som moderat.

Kulturdepartementet si Nynorskpris for journalistar blir delt ut på Dei nynorske festspela i Ørsta 24. juni. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk. Kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp, Håkon Haugsbø, er leiar for juryen og har med seg redaktør Svend Arne Vee i Firdaposten og forfattar/journalist Agnes Ravatn. Ho var ikkje med på den avgjerande runda om Hustad skulle få prisen, då ho er kollega med han i Dag og Tid.

Bakgrunnen til Jon Hustad

Jon Hustad er fødd i 1968 og kjem frå Hjørundfjorden i Ørsta, busett i Asker. Han har hovudfag i historie frå Universitetet i Oslo. Jon Hustad har vore journalist i Klassekampen, forskingsredaktør i Morgenbladet og journalist i Dag og Tid sidan 2007. Han har gjeve ut åtte bøker. Hustad var programleiar for aktualitetsprogrammet Harde fakta på TV 2, saman med Elin Ørjasæter, og sidan 2015 har han vore fast deltagar i debattprogrammet Underhuset i TV 2 Nyhetskanalen.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 16.06.16 har vi sendt frå oss 115 nynorskpraktikantar og 62 % av dei arbeider i media. 48,6 % av dei 115 arbeider i NRK. Totalt har 46 fast arbeid i media, 40 av dei arbeider i NRK.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale media. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Sporten, Kulturnytt, Kulturhuset, Ekko, NRK.no, P3 Morgon, Kveldsåpent og ved distriktskontora i Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Oppland og i Østlandssendinga.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som nyhendeanker i TV 2, i Møre-Nytt, Telemarksavisa, Drammens Tidende, på nettet i Dagens Næringsliv, i produksjonsselskapet Monster og som SoMe-ansvarleg i Vest-Telemark Blad.

Andre arbeider som informasjonsfolk og rådgjevarar i: Språkrådet, Barne- og likestillingsdepartementet, Røde Kors, Skatt Vest, Norges Bondelag, Bisqt Norge, Norske Kunstforeninger, Senterpartiet si stortingsgruppe, Von kommunikasjon, tekstbyrået HvabeHager, Statistisk Sentralbyrå og Kirkens Nødhjelp..

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 24: 4. januar – 30. juni 2016



Martin Torstveit (1992) har praksis og sommarjobb i NRK Telemark. **Martha Våge** (1989) har praksis i NRK P3 Morgon og sommarjobb i Kulturhuset i NRK P2. **May-Helen Rolfsnes** (1993) har praksis og sommarjobb i NRK Hordaland. **Solveig Svarstad** (1989) like eins i NRK Sogn og

Fjordane. **Aleksander Åsnes** (1990) har praksis i avdelinga for økonomi og politikk i NRK Nyhende, og sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 23: 24. august 2015 – 29. februar 2016



Kjersti Anderdal **Bakken** (1990) er sommarvikar i Nattradioen, NRK P1. Thomas **Brakstad** (1989) er sommarvikar i NRK Sporten. Line Omland **Eilevstjønn** (1993) er prosjektleiar for SoMe-satsinga til Vest-Telemark Blad, Elise Sundfør **Erdal** (1986) er sommarvikar i Reiseradioen og Even **Lusæter** (1979) er tilkallingsvikar i NRK Hedmark og Oppland og har sommarjobb der.

Kull 22: 4. januar – 30. juni 2015



Bård Holmen **Solvik** (1985) er vikar i informasjonsavdelinga til Statistisk Sentralbyrå (SSB). Olav Åsen **Haugsgjerd** (1988) studerer historie ved Universitetet i Agder. Gunhild **Årdal** (1987) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Nynorsk Pressekontor. Steinar **Daltveit** (1989) studerer nettjournalistikk og fjernsyn i USA. Signe Fuglesteg **Luksengard** (1990) skriv bok og er tilkallingsvikar i NRK Supernytt

Kull 21: 25. august 2014 – 28. februar 2015



Elias **Engevik** (1995) har ei prosjektstilling på Håkonsvern, der han lagar videoar for forsvaret etter avslutta militærteneste. Tor-Erik **Humlen** (1988) er vikar i P3Morgen, som tilretteleggar og "gjestebokar". 1. august byrjar han i eit årsvikariat i ei liknande stilling i Senkveld i TV 2.

Ine **Eftestøl** (1984) er vikar i NRK Supernytt med base i Rogaland, Hibba **Sarmadawy** (1987) er sommarvikar i NTB og Sigrid Agnethe **Hansen** (1989) er fast tilsett journalist/programleiar i NRK Troms.

Kull 20: 3. januar – 30. juni 2014



Oddbjørn Myklebust **Opsal** (1988) er kokk. Liv Ragnhild Holdhus **Sjursen** (1984), er tekstforfattar i tekstuverket HvabeHager. Guro **Kvalnes** (1991) er masterstudent i litteraturformidling ved UiO og sommarvikar i Kulturhuset i NRK P2. Silje Steinnes **Bjerknes** (1988) er vikar i NRK Møre og Romsdal, og Halvor Farsund **Storvik** (1981) er vikar som journalist på nettstaden Porten.no.

NRKs rekrutteringsprogram

Helt sidan 2008 har NRK hatt reglar om prioritet til stillingar for dei som går dei strategiske rekrutteringsprogramma, NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe. Grunnen til at NRK driv desse tiltaka er trangen for fleire nynorskbrukarar og fleirkulturelle medarbeidrarar.

Gjeldande formuleringar vart vedtekne i direktørmøte 1. oktober 2013, i retningslinene for bemanningskontroll. Her er grunnregelen med kommentarar og utdjupingar:

NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal gis prioritert til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for.

Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige.

Kommentarer og utdyping

Dette innebærer at vi til tross for bemanningskontroll fortsatt har som mål å øke andelen nynorskbrukere og flerkulturelle redaksjonelle medarbeidere i bedriften. Søkere fra våre strategiske tiltak har følgende muligheter:

- De kan søke og ansettes i internt utlyste stillinger, men allerede fast ansatte prioriteres foran dem.
- Eksterne ansettelser i faste stillinger må godkjennes i direktørmøtet. Dette gjelder ikke ved ansettelse av kandidater fra Nynorsk mediesenter eller FleRe, da disse regnes som interne.
- Ved eksternt utlyste stillinger skal de prioriteres til stillinger de er fullt ut kvalifisert for foran vikarer og andre eksterne søker.

Formulering ved *interne* utlysingar

Sommaren 2015 vart det bestemt at når NRK lyser ut stillingar internt så skal det stå i utlysningsteksten at berre fast tilsette og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter kan søke på desse stillingane. Formuleringa lyder slik:

På grunn av dagens bemanningssituasjon i NRK er det berre fast tilsette medarbeidarar og kandidatar frå NRK FleRe og NRK Nynorsk mediesenter som kan søkje på denne stillinga.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Kom inn på statsbudsjettet for 2015 med ei løvning på 2,2 mill. kroner. For 2016 vart summen kr. 2.242.000. Firda Media og eigaren Amedia går inn med 560.000 kroner i året. Nynorsk avissenter er samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Ivar Myklebust Longvastøl.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider mellom anna om gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Frå hausten 2015 har vi invitert journalistar frå lokalaviser i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal til å delta på aktuelle gjesteførelesingar. Våren 2016 har tretten journalistar delteke.